

## 1 **F21: Vestland SV i solidaritet med folket i Gaza**

2 **Framleggsstillar:** Askvoll SV

3 **Innstilling fylkesstyret:** Avvisast til fordel for F20.

4

5 Sidan oktober i fjor har israelske bomber drepe minst 26 000 menneske i Gaza, og  
6 kring 65 000 er skadde. Nesten heile folket i Gaza er no fordrivne til eit område i sør  
7 der det manglar sivil infrastruktur, mat og tilgang til helsehjelp.

8 Den israelske blokaden gjer at det er akutt fare for hungersnaud i Gaza. Mangelen på  
9 mat og vatn er livstrugande. I tillegg er fiskebåtar, drivhus, matjord, husdyr og brønner  
10 systematisk øydelagt av bomber, slik at det også på lenger sikt vil vere vanskeleg å  
11 produsere mat i Gaza.

12 FN-domstolen i Haag har no komme med ei fråsegn om at Israel må gjere alt for å  
13 forhindre folkemord, og sørge for at den humanitære situasjonen vert forbetra.

14 Hamas og andre militsar har fått pålegg om å frigjere gislane. Etter FN sin  
15 folkemordkonvensjon pliktar alle medlemsland å gjere tiltak som kan hindre  
16 folkemord. Det hastar med å få stoppa Israel sine handlingar i Gaza!

17 Vestland SV støttar fråsegna frå FN-domstolen og krev at den norske regjeringa  
18 følgjer opp med handling. Vi krev at det blir sett i verk følgjande sanksjonar mot  
19 Israel:

- 20 - at norskproduserte våpen eller våpenkomponentar ikkje vert selde til Israel,  
21 heller ikkje via andre land
- 22 - at Noreg tek initiativ til ein internasjonal våpenembargo mot Israel
- 23 - at regjeringa frys frihandelsavtalen med Israel til krigen i Gaza er avslutta og  
24 blokaden mot Gaza er oppheva

25

26 Vi oppmodar medlemmer, vener og allierte til å delta i solidaritetsmarkeringar med  
27 palestinarane og til å boikotte varer frå Israel.